

Referat etter møte i Kviteseid Sokneråd
onsdag 9. november kl. 18.00
På kommunehuset i sal 'Vrådal'

Innkalla:

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Magnhild Kvalbein, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Hans Kristian Aabø, Vidar Syrtveit Mikalsen,
1.vara Reidun Øverbø Fisketjønn
Sokneprest Rune Lia (vikar)
Kyrkjeverge Kristen Salmelid

Kommunens representant Tore Åsland. Vara Bjørn Nordskog møtte i staden.

Forfall:

Magnhild Kvalbein og kommunerepresentanten.

Opning ved sokneprest Rune Lia.

Servering ved Håkon Birkeland.

Kaffi frå kontoret.

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal

Referat i tillegg til: ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreassen og prost Asgeir Sæle.

Sak 62/16 (SR)	Innkalling og saksliste	HB
	<p>Forslag til vedtak: Innkallinga og sakslista vart godkjend</p> <p>Vedtak: Innkallinga og sakslista vart godkjend med fylgjande kommentarar: I innkallinga var fleire namn nemnt to gonger, og saksnummera vart noko feil. Dei vert retta opp.</p>	
Sak 63/16 (SR)	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 28.09.2016	HB
	<p>Forslag til vedtak: Referatet frå soknerådsmøtet 28.09.2016 sendt ut på mail 29.09.2016, vart godkjend.</p> <p>Vedtak: Som foreslege.</p>	

Sak 64/16 (SR)	Post og meldingar	
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kommunalt møte 24.01 om Frivillighet i kommunen. Håkon Birkeland møtte for kyrkja. Kommunen garanterer rammeoverføringar i fire år til frivillighetssentral, og det blir snarleg lysing etter ein frivillighets koordinator i 50 % stilling. 2. Datatrøbbel på kyrkjekontoret i fleire veker har ført til ein del forseinkingar i arbeidet. Av større ting er fakturering av festeavgifter og ferdigstilling av Trusopplæringsplanen. Vi har også hatt svært ustabil e-mail den siste tida, men arbeidar med saka. No er datalinje nett komen på plass via kommunen, men mailen er ikkje oppe for nokon på kyrkjekontoret enda. Det brukas mellombels private e-mailar. 3. Det vert ekstra gudsteneste i Vrådal kyrkje 1. joledag kl. 13.00. Der er avklart med Straand Hotel Vrådal. Dei kjem med hotell-gjester. Vi har ikkje fått nokon avtale om spleiselag ennå. 4. Rutinar for handsaming av kollektar er på siste stabsmøte innskjerpa noko for å ta bort potensielle grunnar til mistenkeleggjering eller misleghald. Dette hadde sitt utspring på HMT-møte med prost og verneombod i prostiet. Ut i frå same stabsmøte vil kyrkjevergen leite etter ein safe for Kviteseid kyrke som passar føremålet og budsjettet. Kom forslag om att eventuelt kyrkjetenar/klokkar og prest tel opp kollekten, og att den vart lagt i nattsafe umiddelbart. 5. Kyrkja ved soknerådet treng ein representant til Godhetsveka 2017 (veke 19). Håkon spør Kerstin Gruss som har vore vår representant dei siste to åra. <p>Forslag til vedtak: Orienteringane vart tekne til vitande. Soknerådet påpeikar at alle kollektar snarast råd leggjast i nattsafe i banken. Kyrkjevergen undersøker, og legg viss mogleg til rette for det.</p>	<p>HB</p> <p>KS</p> <p>KS</p> <p>KS</p> <p>HB</p>
Sak 65/16 (SR)	Regnskapsrapport for september 2016 og Orientering om budsjettsaker	HB
	<p>Rekneskapsrapporten er ikkje motteken i skrivande stund. Vi vonar den kjem til møtet. Kjem den før, vil den ble send ut på e-mail.</p> <p>Kyrkjevergen har vært i møte med rådmann og økonomileiar om kyrkjyas framlagde budsjettforslag. Endringar med å flytte 50% av fagarbeidarane si løn frå 'Kyrkjegarder' til 'Kyrkje', fører med seg at kommunen får høgare utgifter til andre trussamfunn. Kyrkja måtte derfor kutte litt. Etter semde om tala for drift, og prioriteringar for investering, oppdaga kyrkjevergen ein feil der det mangla kr 150.000 i budsjettet. Kyrkjevergen brukte 'hard hand' og</p>	

greide å redusere budsjettframlegget med kr 100.000. Rådmannen sitt framlegg til politisk handsaming er likevel at vi må redusera resten også. Det er vanskeleg. Soknerådet får dette som sak på fyrste møte i 2017 då budsjettet for 2017 skal handsamast, dersom det ikkje blir ein politisk løysing før den tid.
(Sjå også neste sak)

Vedlegg:

Regnskapsrapport for september 2016

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek den framlagde rapporten og orienteringa om budsjettsaker til vitande.

Handsaming under møtet:

Kyrkjevergen gjorde greie for missvisande tal i økonomirapporten, for å gje eit betre bilete av den økonomiske situasjonen.

- Rapporten frå rekneskapsfører hadde framleis ikkje med dett revidera budsjettet for samanlikning, berre det gamle frå fellesrådet. Kyrkjevergen ordna korrekt for denne rapporten, men kommunen må leggje inn rett budsjett for årsavslutninga.
- Utgiftene er ajourført til og med september, mens inntektene er ajour berre pr. august. Det gjev store avvik. Berre på kommunalt tilskot utgjer det samla kr 259.500 i manglande føringar av inntekt.
- Tidlegare var begge fagarbeidarane oppført på avdeling '112 Kyrkjegardar' og ingen på kyrkjer (som kyrkjetenar). På det revidera budsjettet for 2017 er ein 50% stilling førd på avdeling '111 Kyrkjer'. Dette er altså med på budsjettet, men ikkje på rekneskapsføreren og gjev difor store avvik på løn mellom avdelingane, men ikkje samla.
- Årets avskrivningar er ikkje periodisert.
- Festeavgift for 2016-21 fakturerast i desse dagar. Førebels er faktura for kr 350.000. Om lag 110 graver (kr 110.000) arbeidast det med å finna nye festere for. Desse vil bli fakturert fortløpande.
- Overføring frå gravlegatet (om lag kr 50.000) vert gjort i slutten av året.
- Desse postane samanlagt gjer at overforbruket på kr 378.275 er missvisande.

Når det gjeld rådmannens innstilling til løyving for 2017, bør ein taka kontakt med politikarar. Rådmannen innstiller på at kyrkja får kr 40-50.000 mindre enn vi bed om, til tross for at vi allereie har kuttet hardt i budsjettet med kr 100.000 etter at ein feil på kr 150.000 vart oppdaga.

Vedtak:

Soknerådet tek den framlagde rapporten og orienteringa om budsjettsaker til vitande.

Sak 66/16 (SR):	Endring av AU-vedtak 02.16	HB
	<p>Kyrkjevergen ynskjer at denne saka handsamast utan han til stades.</p> <p>AU vedtok i sak 02.16 mellom anna: (punkt 2, kulepunkt 2) «<i>Med atterhald om at soknerådet finn rom for det i budsjettet, er AU positive til lønnplassering i hht KA's HTA lønnsgruppe 5 med full ansiennitet, med verknad frå 1/8 2017.</i>»</p> <p>I KA sin hovudtariffavtale (HTA) kpt 3 står det at dagleg leiar / kyrkjeverge skal lønnast etter forhandlingar som beskrive i pkt. 3.4.1, og dersom partane ikkje blir samde, er det arbeidsgjevares siste tilbod som gjeld.</p> <p>Det er difor ikkje anledning til å plassere øvste leiar i kapittel 4 eller 5.</p> <p>Etter møte mellom soknerådsleiar og kyrkjevergen den 31.10.2016, blei det semde om at kyrkjevergen får endra sin løn frå 01.05.2017 fastsett etter kpt. 3 til å vera (80 % av) kr 528.300. (Dette <u>samsvarar</u> med høgaste garantiløn etter KA's HTA kpt 4.8 frå 1.5.2016.)</p> <p>Endringane er også med bakgrunn i budsjettssituasjonen for soknerådet, men utgjer berre kr 5000 i meirutgift på budsjettet for 2017 i forhold til det AU fyrst hadde lagt opp til: (80 % av) kr 554.200 (garantiløn frå 1.8.17) «<i>med atterhald om at soknerådet finn rom for det i budsjettet</i>»</p> <p>Kyrkjevergen takkar for tilbodet om høgare løn, men finn altså ikkje rom for alt i budsjettet for 2017. Men det er <u>soknerådet</u> som eventuelt skal finne rom for lønsauken, så saka kan difor fylgjast opp med budsjetthandsaminga i januar. Det er likevel ynskjeleg at kyrkjevergen får noko av lønsauken som AU vedtok.</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet tek orienteringa til vitande og bed kyrkjevergen legge denne nye løna på 80 % av kroner 528.300 frå 01.05.2017 til grunn for vidare budsjetthandsaming.</p> <p>Vedtak: Soknerådet tek orienteringa til vitande og bed kyrkjevergen legge denne nye løna på 80 % av kroner 528.300 frå 01.05.2017 til grunn for vidare budsjetthandsaming. Godtgjeringa for telefon på kr 2500 i tillegg i året held fram.</p>	

Sak 67/16 (SR)	Forslag til plan for gudstjenester/messer 2017	RL		
	<p>Sokneprest, organist og kyrkjeverge legg no fram eit endeleg forslag til fordeling av dei forordna gudstenestene i Kviteseid sokn. Kyrkjevergen har vore i dialog med prosten om fordelinga. Vi held fast på strukturen slik at kvar månad vanlegvis vi ha messe i Kviteseid 1. og 3. sundag, og i Brunkeberg, Vrådal, Fjågesund eller Kilen 2. og ev 5. sundag. Ein sundag kvar månad vil vera utan nokon messe då prest og organist skal ha denne fri. Dette vert vanlegvis den 4. sundagen kvar månad.</p> <p>Biskopen bestemmer frekvens og fordeling av gudstenester i sokna, og denne forordninga dannar grunnlag for soknet sine forpliktingar når det gjeld gudstenester. Vi ser at ein slik fordeling kan vera tenleg, ut frå planane som no er lagde for 2017, men ser at talet kan variere noko frå år til år grunna forskjell i kalenderen, talet på konfirmantar o.a. Prosten tek dette med til konsulenten som førebur saka for biskopen.</p>			
	<table border="1"> <tr> <td data-bbox="343 898 687 936">Kviteseid kyrkje</td> <td data-bbox="687 898 1257 936">22</td> </tr> </table>	Kviteseid kyrkje	22	
Kviteseid kyrkje	22			
	<table border="1"> <tr> <td data-bbox="343 936 687 974">Brunkeberg Kyrkje</td> <td data-bbox="687 936 1257 974">10</td> </tr> </table>	Brunkeberg Kyrkje	10	
Brunkeberg Kyrkje	10			
	<table border="1"> <tr> <td data-bbox="343 974 687 1012">Vrådal kyrkje</td> <td data-bbox="687 974 1257 1012">10</td> </tr> </table>	Vrådal kyrkje	10	
Vrådal kyrkje	10			
	<table border="1"> <tr> <td data-bbox="343 1012 687 1088">Fjågesund kyrkje</td> <td data-bbox="687 1012 1257 1088">6 (er litt fleire enn det me hadde tenkt, men kan bli slik i 2017)</td> </tr> </table>	Fjågesund kyrkje	6 (er litt fleire enn det me hadde tenkt, men kan bli slik i 2017)	
Fjågesund kyrkje	6 (er litt fleire enn det me hadde tenkt, men kan bli slik i 2017)			
	<table border="1"> <tr> <td data-bbox="343 1088 687 1126">Kilen kapell</td> <td data-bbox="687 1088 1257 1126">2</td> </tr> </table>	Kilen kapell	2	
Kilen kapell	2			
	<table border="1"> <tr> <td data-bbox="343 1126 687 1164">Kviteseid gamle kyrkje</td> <td data-bbox="687 1126 1257 1164">2</td> </tr> </table>	Kviteseid gamle kyrkje	2	
Kviteseid gamle kyrkje	2			
	<table border="1"> <tr> <td data-bbox="343 1164 687 1202">Andre stader</td> <td data-bbox="687 1164 1257 1202">1 (blir i 2017 2 utanom soknet)</td> </tr> </table>	Andre stader	1 (blir i 2017 2 utanom soknet)	
Andre stader	1 (blir i 2017 2 utanom soknet)			
	<table border="1"> <tr> <td data-bbox="343 1202 687 1240">Friluft</td> <td data-bbox="687 1202 1257 1240">0</td> </tr> </table>	Friluft	0	
Friluft	0			
	<table border="1"> <tr> <td data-bbox="343 1240 687 1317">Samanlagd på søn- og heilagdag</td> <td data-bbox="687 1240 1257 1317">53 (201: 54, der 52 er i soknet)</td> </tr> </table>	Samanlagd på søn- og heilagdag	53 (201: 54, der 52 er i soknet)	
Samanlagd på søn- og heilagdag	53 (201: 54, der 52 er i soknet)			
	<table border="1"> <tr> <td data-bbox="343 1317 687 1393">Skulegudstenester</td> <td data-bbox="687 1317 1257 1393">1 (tradisjon for 3, som vi vil halde på så lenge som råd)</td> </tr> </table>	Skulegudstenester	1 (tradisjon for 3, som vi vil halde på så lenge som råd)	
Skulegudstenester	1 (tradisjon for 3, som vi vil halde på så lenge som råd)			
	<table border="1"> <tr> <td data-bbox="343 1393 687 1431">Forordna gudstenester</td> <td data-bbox="687 1393 1257 1431">54</td> </tr> </table>	Forordna gudstenester	54	
Forordna gudstenester	54			
	<p><i>Vedlegg:</i> Forslag til fordeling og plassering av messene i Kviteseid sokn 2017</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet vedtek at forslaget til fordeling av gudstenester i soknet vert send til prost og biskop for godkjenning. Med atterhald om biskopens godkjenning, vedtek soknerådet den framlagde planen for 2017.</p> <p>Handsaming under møtet: Soknerådet ynskjer at det skal førast opp 3 skulegudstenester som forordna. Soknerådet ved leiar bør samtale med Misjonshuset sin leiar om møta dei planlegg sundags føremiddag samstundes med at det er gudstenester andre plassar i soknet. Vi må vere tidleg ute for</p>			

	<p>2018 for planlegging av gudstenester. Godheitsveka 2017 er i veke 19 og avsluttast med eit felles møte/gudsteneste. Gudstenesta 14.mai vert difor i Kviteseid felles med dei andre menighetene, i staden for vanleg messe i Vrådal. Det vert gjort nokon endringar her.</p> <p>Vedtak: Soknerådet godkjenner at forslaget til fordeling av gudstenester i soknet vert send til prost og biskop. Med atterhald om biskopens godkjenning, vedtek soknerådet den framlagde planen for 2017. Naudsynte endringar og justeringar gjennom året gjerast av administrasjonen.</p>	
<p>Sak 68/16 (SR)</p>	<p>Plan for kyrkjeofringar 2017</p>	
	<p>Fordeling av kyrkjeofringar er ein av oppgåvene til soknerådet. Soknerådet må også bestemma seg for</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. om det ynskjer eit misjonsprosjekt, og i tilfelle om det skal vera eit prosjekt for alle kyrkjene, 2. kor mange ofringar som skal gå til hhv misjonsprosjektet, kyrkjelydsarbeidet og eksterne instansar, og 3. kven av dei eksterne vi skal samle inn pengar til. <p>Kviteseid kyrkje har i fleire (mange?) år hatt Rakel Trovis: Mama Childrens Center of Norway i Manila som prosjekt. Det er samla inn til dette kr 20.000 så langt i 2016 på 3 av 5 planlagde ofringar. Vrådal har hatt et prosjekt til Ecuador via Normisjon (kr 6000 så langt i år).</p> <p>Det har til nå i 2016 vore 13 ofringar til kyrkjelydsarbeidet (kr 39.000)</p> <p>Eksterne mottakarar har i 2016 vore 29 forskjellige som har fått 41 kollektar (ca kr 110.000 så langt). Desse er (talet på gonger i parentes):</p> <ul style="list-style-type: none"> *Kvitsund Gymnas (3), *Misjonsprosjektet på Kvitsund Gymnas russeprosjektet (2), NRK's innsamlingsaksjon (2016: *Røde Kors), *IKO (2), *Himal Partner, *Bibelselskapet (3), *Kirkelig ressursentet., *Menneskeverd, *Malawi Friends, *Blå Kors, *Strømmestiftelsen, *MF (2), *Det norske misjonsselskap (3), *Diakoniet Vest-Telemark, *Normisjon, *KRIK, *Sjømasskirka (3), *Norsk søndagsskoleforbund, *Kirkens Nødhjelp, *Kirkens SOS -Telemark (2), *KIA, *A/T Bispedømmeråd, *NLA Høgskulen, *Wicliffe, *Signo, *NKSS, *Misjonsalliansen, *Landsforeininga for psykisk helse, *Kirkens Bymisjon, *Familier og Media (falt ut) <p>Vi har for 2017 mottekne søknad om ofringar frå ein mengd organisasjonar og prosjekt formidla via Kristelig pressekontor. I</p>	

tillegg har vi motteke søknad frå Kvitsund Gymnas, Skjærgårdsgospel, 'Ung kirkesang', Korsvei, 'Misjon utan grenser' og KRIK.

Det vert føreslege at

det veles eit samla misjonsprosjekt for heile soknet, og at valet står mellom desse me ber fast for i gudstenestene:

- a. **Bibeloversetjingsprosjekt til Ts'amakko-språket sør i Etiopia** der Karen Elisabeth Wittersø og mannen Fredrik Hektor arbeidar og er utsendingar for (NLM/ Wicliffe). (Vi informerer om at både Håkon og Kristen er personleg nært knytt opp mot Etiopia)
- b. **Nor misjon sitt samfunnsutvikling i Nepal** der Liv Wendel er misjonær og utsending. Prosjektet har fokus på tradisjonar som er skadelige for jenter.
- c. **Rakel Trovis Mama Childrens Center of Norway** i Manilla, Singapore, der Gunnhild Dobbe arbeidar som friviljug fleire månader i året.

Det vert ein deling av talet på ofringar om lag slik:

- d. 15 % til misjonsprosjektet
- e. 30 % til kyrkjelydsarbeidet
- f. resten til andre føremål

Vedlegg:

Offersøknader blir kopiert opp til møte

Forslag til vedtak:

Soknerådet vedtek at **Bibeloversetjingsprosjekt til Ts'amakko-språket sør i Etiopia** skal vere kyrkjelydens misjonsprosjekt for heile soknet i 2017.

Fordeling mellom forskjellige vert slik:

4. Til soknet sitt misjonsprosjekt: om lag 15% av ofringane.
5. Til kyrkjelydsarbeidet om lag 30% av ofringane
6. Resten til eksterne, der ein forsøker å fylgje denne lista:
 - a. Kvitsund Gymnas (2-3)
 - b. Dei to føreslegne prosjekta som ikkje vert eige misjonsprosjekt (2 kvar)
 - c. NMS (tradisjon på Julaften)
 - d. Sjømannsmisjonen
 - e. KRIK
 - f. KIA
 - g. IKO
 - h. NKSS
 - i. Bibelselskapet
 - j. Misjonsprosjekt Kvitsund (russ)
 - k. NRK's innsamlingsaksjon
 - l. Kirkens nødhjelp
 - m. Blå Kors.

	<p>Handsaming under møtet: Det vart påpeika at val av misjonsprosjekt burde vera ein eigen sak, og at det vi vel, bør haldast på i nokre år. Kviteseid sokn har hatt Rakel Trovis prosjekt sidan 2012. Hans Kristian Aabø la fram eit noko annleis forslag til fordeling av ofringane og kom med forslag til nokre i tillegg. Dei er med i vedtaket.</p> <p>Vedtak: Sak om val av nytt misjonsprosjekt for heile soknet vert forberedt av Hans Kristian Aabø og Vidar Syrtveit Mikalsen til neste soknerådsmøte.</p> <p><u>Fordeling av ofringane er vedteke å vera slik:</u> Misjonsprosjektet får 5-6 ofringar Kyrkjelydsarbeidet får 10-14 ofringar Dei resterande ofringane vert fordelt etter tradisjon og tema mellom fylgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kvitsund Gymnas, 2 • NMS, tidl.: Det Norske Misjonsselskap -på julaften, 2-3 • Sjømannskyrkja, Den norske kyrkje i utlandet • Kristen Idrettskontakt (KRIK) • Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA) • Kirkelig Pedagogisk Senter (IKO) • Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag (NKSS) • Det Norske Bibelselskap • Misjonsprosjekt Kvitsund (Russeprosjekt) • NRK sin innsamlingsaksjon • Kirkens Nødhjelp, -m.a. 1. juledag, 2-3 • Blå Kors • Stefanusalliansen • Kirkens SOS, Telemark, 2 • Den Norske Israelmisjon • Menneskeverd • Dei fire diakoni-institusjonane • Rakel Trovis: Mama Children Center of Norway • Og det som ikkje blir vald som soknets misjonsprosjekt av desse: <ul style="list-style-type: none"> ○ Normisjons kvinneprosjekt i Nepal (Liv Wendel) ○ NLM/Wycliffe bibeloversetjong til Ts'amakko-språk i Sør Etiopia (Karen Elisabeth Wittersø) <p>Dersom ein treng fleire offerformål, skal nokre av desse lista opp få fleire gonger. Soknepresten er ansvarleg for fordelinga av desse på gudstenestene vi har. 17.-mai offer skal rullere slik at det ikkje vert same formål kvart år. Av Kyrkjelydsbasaren vert kr 15.000 sendt til Rakel Trovis Mama..</p>	
Sak 69/16 (SR):	Søknad om lån til kyrkjeutstilling	KS
	Agder og Telemark bispedømmeråd arbeider saman med andre om	

	<p>en nasjonal kyrkjekunstutstilling for reformasjonsjubileet i 2017. (sjå vedlegg.) Dei søker Kviteseid Sokneråd om å få låne messehakelen frå middel alderen som er plassera i monter i Brunkeberg kyrkje. Dei garanterer for tryggleiken, og det er ingen kostnader for oss med lånet. Messehakelen og dåps-engelen i Brunkeberg kyrkje er alt blitt fotografera for denne utstillinga.</p> <p><i>Vedlegg:</i> Søknad til Kviteseid Sokneråd, og Sola Gratia.</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet vedtek at messehakelen i Brunkeberg kyrkje frå middel alderen, kan lånast ut til utstillinga «Sola Gratia. Kunst og kyrkje i 500 år».</p> <p>Vedtak: som foreslege.</p>	
<p>Sak 70/16 (SR):</p>	<p>Ny avtale om diakonalt samarbeid i Vest-Telemark</p>	<p>KS</p>
	<p>Avtala vi har hatt til i dag om diakonalt samarbeid i Vest-Telemark må gjerast om fordi Vest-Telemark prosti ikkje eksisterer lenger, og fordi Kviteseid kyrkjelege Fellesråd er opphøyra. Saka gjeld felles bruk av diakon Eilev Erikstein for sokneråda i Fyresdal, Nissedal og Kviteseid, og dei kyrkjelege fellesråda i Tokke og Vinje. Tokke kyrkjelege fellesråd vil halda fram som vertsfellesråd. For å styrke fellesrådet si rolle og dialogen med styret, vedtok siste årsmøtet for diakonaten at «Vertsfellesrådet er representert i styret med ein representant, fortrinnsvis kyrkjevevja...» Tokke kyrkjelege fellesråd har vedteke avtalen, og oppmodar oss til å gjere det same på fyrste møte. Vara for vertsfellesrådet sin representant i styret, vil vera kyrkjevevja frå ein av dei samarbeidande råda.</p> <p>Styret for diakonaten har også vedteke å be Tokke kyrkjelege fellesråd om å setje av kr 150.000 til framtidige pensjonsforpliktingar for årleg reguleringspremie etter at diakonen gjeng av med pensjon. Dette tas frå lønsfondet for diakonen.</p> <p><i>Vedlegg:</i> Avtale om diakonalt samarbeid.. og Tokke kyrkjelege Fellesråd si handsaming av saka</p> <p>Forslag til vedtak: Kviteseid sokneråd vedtek den nye avtala om diakonalt samarbeid mellom sokna i Fyresdal, Nissedal og Kviteseid, og dei kyrkjelege fellesråda i Tokke og Vinje.</p> <p>Vedtak: som foreslege.</p>	

Sak 71/16 (SR):	Val av leiar og nestleiar av soknerådet for 2017	HB / KS
	<p>Soknerådsleiar Håkon Birkeland orienterte på sist møte om at leiar og nestleiar av soknerådet er valde for eit år, og at han ikkje ynskjer å halda fram som leiar frå 2017. Til då hadde Hans Kristian Aabø sagt seg viljug til å stille som kandidat til leiar-vervet.</p> <p>Kyrkjelova seier i <i>Reglar om formene for verksemda til soknerådet og kyrkjeleg fellesråd</i> i §1. Konstituering, pkt. 3: Soknerådet vel leiar og nestleiar mellom rådsmedlemmane i det konstituerande møtet og <u>deretter kvart år. Valet vert gjort skriftleg.</u> Den som har vore leiar for eitt år, kan verte friteken frå val for det følgjande året.</p> <p>Skriftleg val av leiar og nestleiar. Kyrkjevergen administrerar valet. Det er nok med simpelt fleirtal (50% av stemmene frå medlemmene i soknerådet) Det må avklarast om soknepresten og kommunens representant har stemmerett.</p> <p>Førebuing og gjennomføring av valet: Valet vart gjennomført skrifteleg. Det vart presisera at både soknepresten og kommunens representant var fullverdige medlemmer av soknerådet, og hadde stemmerett.</p> <p>Soknerådet takka avtroppande leiar Håkon Birkeland, og nestleiar Inger Lise Berge for tenesta dei har lagt ned det siste året.</p> <p>Resultat av valet: Hans Kristian Aabø vart vald som leiar av soknerådet for dei neste 12 månader. Håkon Birkeland vart vald som nestleiar.</p>	
Sak 72/16 (SR)	Aktuelle saker frå soknepresten	RL
	<p>Soknepresten informerer kort om aktuelle saker som:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Teaterstykket 'BRAND' tysdag 8. november, og temakveld 14.november med Arne Austad, «Sunn og usunn tro- med utgangspunkt i «Brand». • Arbeidsgruppa for innsamling til barne- og ungdomsarbeidar (ref. Sak 49/16) har hatt sitt fyrste møte. • KYRKJELYDSTUR 2017 til Nidarosdomen og spelet om Olav den Heilage. Ca 20 er påmelde så langt. • Landstad-spel 2017 arbeidast det med. Økonomiske forhold må avklarast når det vert meir konkret. • Utstilling av Borgny Svalastog sine bilder i fire av kyrkjene i soknet (unntaka Kilen). Ho har laga 25 enkelt trykk med inspirasjon frå M.B. Landstad sine salmar. Soknerådet var positive til dette, og gav sokneprest Rune Lia myndighet til å arbeide vidare med dette. Det er sett økonomiske rammer på kr 5000 frå soknerådet viss ikkje sponsorar gjev noko. • Tema kveldar jan-mars 2017. Med ulike tema som t.d. 	

	<p>militær etikk, salme-kveld, pilgrimstradisjonar og saga om Olav den Heilage, eller andre tema soknerådet måtte ynskje.</p> <ul style="list-style-type: none"> • «Til kyrkje» - eit program for auka oppslutning om gudstenesta i Kviteseid. Dette kjem presten tilbake til dette seinare. 	
Sak 73/16 (SR)	Prestestilingen	HB
	<p>Saka handsamast utan sokneprest Rune Lia til stades.</p> <p>Den eine prestestillinga Kviteseid sitter igjen med nå etter reduksjon frå bispedømet frå sumaren 2016, har stått vakant sidan Torstein Eidem Nordal og Hallvard Jørgensen slutta i april og juni 2016. Vi har blitt godt hjelpte av prostiprest Rune Lia som vikar og ynskjer at han skal halda fram til vi får ny fast sokneprest på plass. For å få fortgang i det arbeidet, ynskjer vi at prosten skal lyse ut stillinga på nytt snarast råd, og samstundes halda fram det gode arbeidet med å forsøkje å finna eigna kandidatar.</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet bed prosten lage til ein 2. gongs lysing av stillinga som sokneprest i Kviteseid snarast råd.</p> <p>Handsaming under møtet: Det vart tidleg avklara at soknepresten er med på handsaming av saken heilt til det eventuelt vert snakk om han som person. Det blei det ikkje. Soknepresten presisera at om det vert ei utlysing, er han fri til å søkje.</p> <p>Vedtak: som foreslege.</p>	
Sak 74/16 (SR)	Eventuelt	
	<ul style="list-style-type: none"> • 10. nov. baking v/Kristi Skjæveland til jolebasaren. På Kviteseid skule frå kl.17 -21. • 26. nov. Jolebasar. Kristen Salmelid og Håkon Birkeland kan vere med på dagen. • 28. nov. Jolekonsert «Ekte jul» i Kviteseid Kyrkje med mellom anna Emil Solli Tangen. • 30. april 2017, 5 års jubileum for «Kviteseid Soul Children» 	

Neste møte i soknerådet vert 11. januar med mellom anna vedtak av budsjett for 2017